

## Referat frå utvida elevrådsmøte 03.03.2026

Desse møtte: Joris og Frida, Frida H., Olav, Ella frå 2.årssteg, Mathias, Tuva, Ellinor, Hailey, Herman, Aron frå 3. årssteg, Lotte, Amalie, Vilja, Tyr Einar, Damien frå 4.årssteg, ingen frå 5.årssteg, Matas, Anders, Markas, Olava, Annabell, Hedda frå 6.årssteg, Liam og Elril frå 7.årssteg, rektor Linda.

Det blei utvida elevråd denne gongen grunna større deltaking når ein skulle utarbeide ein plan for å betre læringsmiljøet til elevane.

Leiar og referent: Linda Selheim

### Gjennomgang av referat frå førre møte

Dei fleste representantane hadde fått gjennomgått referat og førebudd seg til møtet. Det er svært viktig at elevrådsarbeid blir prioritert framover, og vi er glade for at dette ser ut til å betra seg.

### Helsefremmande skule

Elevrådet kom med mange og gode innspel til skulen sine tilrådingar for smart mat. Innspela blir tatt med i planen til skulen. Planen må gjennomgåast i klassane.

### Informasjon om mobbeombodet i Vestland

Elevrådet fekk informasjon om mobbeombodet i Vestland fylke. Alle elevar som ikkje har det godt og trygt på skulen, må gje beskjed til ein vaksen på skulen eller heime. Dei kan òg ta kontakt med mobbeombodet. Ein kan lese meir om mobbeombodet her:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/>

### Elevane sitt bidrag til trygge og gode læringsmiljø (som del av førebuing til kvalitetsdialog)

På oppdrag frå skulesjefen har elevrådet utarbeida ein plan for korleis elevane kan bidra til eit betre læringsmiljø ved skulane. Dei har valt ut tre ting elevane ved skulen vår kan bidra med, og uttalt seg om kvifor desse tre tinga er viktige, korleis vi kan jobbe med dei og kven som kan hjelpe til. Det er viktig at alle elevane på skulen les planen og prøver så godt dei kan å etterleve den.

### Saker og førebuing til neste møte:

- Referat frå førre møte må gjennomgåast!
- Tilrådingar for kosthaldsråd for Spildepollen skule og SFO må også gjennomgåast.
- FAU har gjort vedtak om at dei skal arbeide for elevane på Spildepollen skule skal ha ein smarttelefonfri barndom. Kva tykkjer elevane om dette? (fordelar og ulemper)